



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17759 - 20/76831

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
02.12.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 196/150 Midtgård

Tiltak: Einebustad
Byggjestad: Gbnr: 196/150
Tiltakshavar: Andreas Dyngen
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.11.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er i søknaden opplyst at tiltaket skal ha flatt tak med ei «gesimshøgda på 5.9 m jf. § 4.1.4 og det vil bli flatt tak med takterrasse i tråd med bestemmelsen.» I gjeldande reguleringsplan under punkt 3.3 står det; «Det skal nyttast ei takform og ein takfarge i grupper av hus som det er naturleg å sjå under eitt. Takvinkel skal vera mellom 33 og 45 graden». Det er naudsynt med søknad om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for oppføring av bustadhus med flatt tak.
2. Eigedommen ligg under marin grense. Vi minner for ordens skyld om krava i plan- og bygningslova § 28-1.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **20.01.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Andreas Dyngen
Arkoconsult AS

Midtgardshøgda 5 B
Postboks 103

5915
5291

HJELMÅS
VALESTRANDSFOSSE
N

Eirin Dyngen

Midtgardshøgda 5 B

5915

HJELMÅS